

---

**Emne:** Kutt av åpningstider på sfo

**Til:** Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>

**Sendt:** 04.12.2023 16.43.53

**Fra:** Monja Kvalsvik <kvalsvikmonja@hotmail.com>

Lurer på kordan dåkke tenker det med å kutte so drastisk i åpningstidene på sfo? Ha åpe kun i 8 timer? Ein arb.dag er på 8 timer, så kjem kjøyretid til & frå jobb, for det er ikkje alle som jobbar på Hareid. Det er heller ikkje alle som er ferdig på jobb før 15.30.

Skal virkelig 6åringar med lang skulevei gå tilogfrå skulen åleine? Skal ein 6åring vere heime åleine før skule og etter skule? Er det forsvarleg at ein 6åring er?

Vi er mange som jobbar til forskjellige tider. Det er ikkje alle som er 2 foreldre som bor ilag pg kan dele på levering/henting. Kordan skal ein åleineforelder som er på jobb 8 timer klare åpningstidene dåkke har lagt fram som forslag?

Det er heller ikkje alle som har mykje familie rundt seg til å hjelpe seg, og ikkje skal det vere nødvendig at besteforeldre/tante/onklar alltid må ver heime for å passa ungane som hadde kunne vore på sfo til kl 16/16.30 f.eks om sfo hadde hatt dei åpningstidene som er no.

Tenk om barnehagane hadde gjort det samme? Kutta ned til 8 timers dagar... Det hadde aldri gått!

Vi betalar tross alt for at ungane våra skal ha ein plass å vere til vi er ferdige på jobb!

Om det er pga økonomi så dropp heller dei 12 timane med gratis sfo, og behold dei åpningstidene som er!

I mitt tilfelle har eg allereide tilrettelegging på jobb på enkelte vakter så eg får hente på sfo kl 16.30. Og det er på ei vakt der ein egentlig treng at eg er på jobb til 16.30.

Tenk dåkke godt om før dåkke kuttar so drastisk i åpningstidene! Ikkje jer ting enda vanskeligare for oss enn de allereide er!

Helsing Monja K.

Sendt fra [Outlook for Android](#)